



Arkivsaknr: 2026/2144-6
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om salsløyve alkohol - Spar Hylkje

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. NG Spar Vest AS – org. nr 954946487, SPAR Hylkje vert innvilga salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 med utlevering i Alver kommune.
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.06.26 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet er Harald Oppedal f. 15.12.82. Avløyssar for løyvet: Malin Lundin Romarheim
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 for netthandel med utlevering i Alver kommune. Spar Hylkje har salsløyve for sal av alkohol i eiga kommune. I forbindelse med at butikken har starta med foodora, har dei et leveringsområde til kunder som bur i Alver kommune og søkar difor salsløyve i Alver kommune.

Vurdering

Alkohollova inneheld ikkje særskilde føresegner om gjennomføring av sal av alkohol bestilt via nett, med unntak av alkoholforskrifta § 14-3 nr. 10 om alkoholreklame ved nettsal. Det har likevel etablert seg ein forvaltningspraksis der alkohollova § 3-1 andre ledd også blir rekna å omfatte løyve til nettsal ([Salg av alkoholholdige drikker - Helsedirektoratet](#)).

Utlevering av alkoholhaldig drikk skal følgje vilkåra i alkohollova, og skje i tråd med dokumenterte rutinar som sikrar alderskontroll og forsvarleg utlevering.

Løyve for nettsal må vere knytt til eitt konkret lokale og ein bestemt type verksemd, jf. alkohollova § 3-1 andre ledd. Verksemda må ha gyldig løyve i alle kommunar der alkoholhaldig drikk skal utleverast.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløyssar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkohollova §1 7 c. Alkohollova §1- 7b - krav til vandel og alkohollova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.

Vedlegg

1 1003-0145-SalgsloyveAlkohol.pdf

Offl. § 26 5. ledd